



Finnøy kommune  
Rådhuset  
4160 Finnøy

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale til kommuneplan 2019 – 2029, samfunnsdelen til Finnøy kommune

---

**Satsingsområde ved revisjon av denne samfunnsdelen er arealrelaterte – det er difor avgjerande viktig at planen har mål, strategiar og tiltak som kan følgjast opp i revisjonen av arealdelen – og bli med inn som strategiar og føringar i Nye Stavanger. Dette må gjelde både bruk og vern, som veklagt i planprogrammet. For folkehelse, fiske, landbruk, reiseliv og akvakultur er ivaretaking av naturressursar og berekraftig bruk, heilt avgjerande. Generelt oppmodar vi kommunen til å tenkje langsiktig og gje tydelege føringar for framtidig naturressursforvaltning på land og sjø.**

---

### Planprosess og prioriteringar

Vi viser til kommunen si oversending den 6.september.

Saka gjeld offentleg ettersyn av samfunnsdelen til Finnøy kommune. I denne planperioden skal også arealdelen reviderast, og arbeidet med revisjon av handlings- og økonomiplanen er starta. Det er viktig at det blir lagt gode koplingar mellom samfunns- og arealdelen, samt handlings- og økonomiplanen. Dette vil gi eit oppdatert plangrunnlag og styrke kommuneplanen som overordna plan.

Finnøy har valt konkrete satsingsområde som vil vere sentrale ved revisjon av samfunnsdelen. Satsingsområda er «*samferdsel, folkehelse, oppvekst, næringsutvikling med særleg vekt på landbruk og havbruk, natur, kultur og miljø/klima*». Dei nemnte områda dannar eit godt utgangspunkt for å arbeide fram gode mål og tiltak i samfunnsdelen og vidare i arealdelen.

### Areal- og ressursforvaltning

#### *Utbyggingsareal*

Som vist til i vår uttale til planvarsle og planprogram, er ei utfordring med gjeldande kommuneplan at det er sett av og regulert mange bustadområde som ikkje er realiserte. Dette er eit tema Finnøy kommune ønskjer å ha fokus på, jf. planprogrammet. Tilbakeføring av areal som ikkje er realisert, vil styrke kommuneplanen som eit meir oppdatert styringsverktøy.

Det er vist til at naturmangfald, friluftsliv, landskap- og strandsoneinteresser skal integrerast i arbeidet med vidare arealplanlegging. Samfunnsdelen legg fram gode premissar med fokus på livskvalitet, bulyst og attraktivitet for bustadplanlegginga i kommunen. Vidare bustadutvikling bør skje i samanheng med grendene/sentrumsområda, i tråd med planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Føringane og retningslinene i Regionalplan for Ryfylke må leggast til grunn.

Det går fram av planprogrammet at kommuneplanarbeidet skal prioritere kartlegging av eksisterande og allereie planlagde område for fritidsbustader og reiselivsanlegg. Fylkesmannen støttar dette arbeidet. Det går ikkje fram at det er planlagt å finne nye område.

### *Havbruk*

Havbruksnæringa er eit stort satsingsområde for Finnøy kommune. For vidare arbeid viser vi til nyleg vedtatt rundskriv H-6/18 for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområde. Vidare planlegging i sjø må ta omsyn til naturmangfald, støy og forureining.

### *Landbruk*

Finnøy er ein viktig landbrukskommune og ambisiøs i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp. Ein betydeleg del av innbyggjarane er sysselsette i næringa. I tillegg til matproduksjon, er landbruket viktig for Finnøy si historie og kultur. Som mange andre kommunar står også Finnøy ovanfor store endringar som vil få konsekvensar for landbruket. Dette gjeld generasjonsskifte, men også forhold knytt til kommunesamanslåing, omstilling i produksjon til ein meir klimavennleg, utsleppsfree og berekraftig produksjon og dessutan klimaendringar.

Det er nyleg vedtatt nasjonale føringar for jordvern, og arbeidet med den regionale jordvernstrategien er godt i gang. Tettstad- og sentrumsutvikling, fortetting og sambruk er viktige element i god planlegging, gode heilskaplege løysingar i arealplanlegginga vil igjen bidra til mindre nedbygging av jordbruksjord. For å konkretisere plangrepa og i størst mogleg grad ta vare på landbruks- og naturområda i Finnøy, må det utarbeidast ei oversikt over kva som er framtidig bustadbehov og behov for sentrumsføremål på Judaberg, samt kva som er nødvendig areal for å dekke dette. Dette skal brukast som grunnlag i planlegginga av eventuelle utbyggingsareal. Eit viktig element i ei slik kartlegging er å vurdere fortettingspotensiala i eksisterande tettstader og tilgjengelege utbyggingsareal i vedtekne reguleringsplanar og kommuneplan. Finnøy planlegg å trekke ei langsiktig grense for tettstadsutvikling rundt Judaberg. Eit slikt tydeleg skilje vil gi klare føresetnader for landbruksdrifta i framtida. Kommunen skriv at NIBIO har gjennomført jordsmonnkartlegging på all fulldyrka og overflatedyrka areal i kommunen. Kartlegginga skal gi fagleg grunnlag og brukast aktivt i møte med eit aukande press mot landbruksjord i kommunen. Det er flott at kommunen har gjennomført denne kartlegginga, den må inngå i vurderingsgrunnlaget i planprosessane for å sikre gode framtidige plangrep.

Det viktigaste verkemiddelet for eit sterkt jordvern er å sikre ei effektiv og langsiktig arealplanlegging med gode overordna plangrep. Nydyrkning kan vere eit relevant kompensasjonstiltak, men er ikkje eit argument for nedbygging av landbruksjord. Vi vil også

understreke at det kan vere vanskeleg å finne eigna erstatningsareal som kan dyrkast opp. Erfaring tilseier at det kan vere store naturverdiar og rikt biomangfald i både u gjødsla og gjødsla beitemark.

Langsiktig planlegging og god arealforvaltning knytt til bustadbygging på dei ikkje-landfaste øyane har vist seg å vere utfordrande. Kommunen skriv at bustadfelt og husklynger i gjeldande arealplan på dei ikkje-landfaste øyane. i liten grad har blitt realisert, truleg pga. låg etterspurnad og høge infrastrukturkostnader. Det er viktig å oppretthalde livskraftige lokalsamfunn på dei ikkje-landfaste øyane, spreidde bustadetableringar må samstundes ikkje komme i konflikt med LNF-interessene. Vi har hatt fleire dispensasjonar om frådeling til bustadføremål som kjem i konflikt med landbruket dei siste åra. Vi er derfor samde om at retningslinene som opnar for spreidd bustadbygging bør reviderast.

Vi vil også framheve landbruket som ein viktig utviklings- og næringsaktør. Vedlikehald av kulturlandskapet er viktig for turistnæringa. Vi meiner at Finnøy har eit stort potensiale innan mat og reiseliv, med kulturlandskapet og strandsona som ramme. Lokalmat, gards- og kulturturisme og friluftsliv kan saman gje gode synergiar med andre næringsaktørar, som Ryfylke livsgnist, Ryfylke næringshage, Finnøy næringsforening, Tyskerhålene, Restaurationen, Tomtatfestivalen, Ramsvig handelsstad, Furre hytter, Sjernarøy Maritim og Furre gard og småbåthamner som Skartveit og Helgøysund.

Vi rår kommunen til å ha ein strategi for å ivareta mjølkeproduksjonen og veksthusnæringa. Ein bør og arbeide med å få ned leigejordsprosenten i Finnøy.

## Klimaendring og samfunnstryggleik

Det er positivt at «miljø/klima» er eit av satsingsområda i kommunen. ROS-analysen frå 2017 viser at det er særlege utfordringar på øyane som kommunen har plikt til å vurdere og synleggjere. Kommunen bør også vise korleis ein vil løyse dei i handlingsplanen til kommuneplanen.

Vi rår kommunen til å innarbeide særlege utfordringar som brann på øyane (jf. skogbrann i sommar), sårbar infrastruktur (straumbrot, datanett/mobilnett/telenett), svikt i vassforsyning og skred. Konkrete forslag i heilskapleg ROS-analyse, som kartfesting av usikre område for skred, er ikkje tekne opp. Vi meiner dette blir viktig for vidare arbeid med arealdelen til kommuneplanen, slik at det ikkje vert lagt opp til bygging i fareutsette område. Vi viser til rundskriv H-5/18.

## Utdanning

Det er positivt at fråfall frå vidaregåande opplæring er lagt fram som eit område kommunen vil ta tak i. Samfunnsdelen trekker også fram psykisk helse, trivsel og mobbing. Planen peiker på tverrfagleg samarbeid som tiltak. Fylkesmannen rår kommunen til å spisse tiltaka.

Kommunen ser at det er utfordrande å få nok kvalifiserte lærarar til skule og barnehage. Tiltaket for å nå dette er å «leggje vekt på å rekruttere og behalde». Fylkesmannen rår kommunen til å utarbeide meir konkrete tiltak.

Som nemnt er læringsmiljø trekt fram som eit fokusområde, men planen nemner ikkje læringsresultat. Planstrategien seier at det skal utarbeidast ein strategiplan for oppvekst. Hovudtrekk og tiltak frå denne, blant anna for å betre læringsresultata, bør nemnast i kommuneplanen.

## **Oppfølging av folkehelseutfordringar**

Etter vår vurdering følgjer planen opp intensjonar og føresetnader som er lagde i både planstrategi og planprogram.

Folkehelseutfordringane som kommunen har identifisert, er omtalt i kapittel 5 saman med strategiane for korleis ein skal møte disse utfordringane. Finnøy kommune har lagt fram gode og hensiktsmessige tiltak. Vi rår kommunen til å gi ei tydelegare konkretisering på korleis utfordringane skal følgjast opp i ulike sektor-/temaplanar, jf. også rettleiar for Kommuneplanprosessen.

Kommuneplanen bør for eksempel legge føringar for «*Stedsutviklingsprosjekt for dei landfaste øyane – strategiplan*», om blant anna møteplassar, tverrsektorelt samarbeid, styrking av sosialt samhald, bustadsosiale behov, m.m.

.....

Vi ønskjer Finnøy kommune lykke til vidare i planprosessen.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Ragnhild Christin Utne Askeland  
Saksbehandlar telefon: 51568934  
E-post: fmrorca@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune    Postboks 130    4001    Stavanger